

NR. 3

MARS/APRIL

15. ÅRG.

## PÅSKE - FOR MEG!

*Jesus - du seier  
det var for meg.  
Men eg skjonar det ikkje -.*

*Du vart som ein av oss.  
Du opplevde  
korleis det er å leva  
som menneske.*

*Men  
det var ein forskjell:  
Du var heil. Rein. Fullkommen.  
Du trong ikkje døy.*

*Du døydde - frivillig!  
Ein soningsdød -  
ikkje for deg sjølv, men  
for dei  
som hadde gjort urett -  
for dei  
som ikkje kunne greia  
å sona straffa sjølve.*

*Du seier  
det var for meg.  
Du seier  
det var skulda mi du bar.*

*Den heilage Gud  
godkjende soningsdøden din!  
Han viste det påskedagen:  
Du hadde vunne over døden -.  
- Kor lukkelege dei måtte vera  
som møtte deg den dagen.*

*Eg og er lukkeleg, Jesus!  
Du seier  
at når eg har deg  
har eg også del i sigeren din.  
Du seier  
at eg skal leva  
samан med deg - alltid!*

*Så stor var kjærleiken din.  
Så stor er kjærleiken din.  
Den femner alle.  
Du seier:  
«Det var for deg!»*

*Eg skjonar det ikkje.  
Men eg vil gjerne  
tru det.  
Difor kjem eg.  
Takk -  
for at du møter meg  
med tilgjeving -.*

**Målfrid.**

**GOD PÅSKE**

## 10 kroner i veka?



Enn om vi legg til sines 10 kr. i veka til dette? — Det skulle monna bra då.  
Velkommen i Gjevartenesta!

## Konfirmasjon i Trengereid kapell

sundag 25.april 1982 kl.11.00

*Rune Kvam  
Lars Anders Martinsen  
Jarle Midtun  
Ingunn Gatland Jacobsen  
Anne Grethe Mortensen  
May-Kristin Rølfsvåg  
Bodhild Skulstad  
Inger-Margrethe Skulstad*

## OMNAR TIL SALGS

Soknerådet i Ytre Arna har fleire gode vedomnar som står i Kyrkjelydshuset. Dei er no ikkje i bruk, så er nokon interessert i å kjøpa dei, kan ein ta kontakt med prestekontoret telefon 24 13 25.

I Indre Arna er det ein god, liten kamin til salg.  
Kontakt Kyrkjekontoret telefon 24 04 00.

Som det har vore skrive i bladet tidlegare, har Arna kyrkjelyd i gong ei gjevartenesta. Dei pengane som kjem inn, vert nyitta til å dekke utgiftene i samband med at kyrkjelyden har eittåring og menighetselev.

Mange er trufast med i denne gjevartenesta, men vi maktar likevel ikkje å få endane til å møtast med dei midlane vi har.

*Om du ikkje er med frå før, vonar vi at du også vil bli med i flokken av gjevarar no.*

Du kan meldu deg til Bjarne Fjellveit, tlf. 24 05 82 eller til kyrkjekontoret, tlf. 24 04 00. Kvar krone kjem vel med.

## Konfirmasjon i Trengereid kapell

sundag 25.april 1982 kl.11.00

*Rune Kvam  
Lars Anders Martinsen  
Jarle Midtun  
Ingunn Gatland Jacobsen  
Anne Grethe Mortensen  
May-Kristin Rølfsvåg  
Bodhild Skulstad  
Inger-Margrethe Skulstad*

## OMNAR TIL SALGS

Soknerådet i Ytre Arna har fleire gode vedomnar som står i Kyrkjelydshuset. Dei er no ikkje i bruk, så er nokon interessert i å kjøpa dei, kan ein ta kontakt med prestekontoret telefon 24 13 25.

I Indre Arna er det ein god, liten kamin til salg.  
Kontakt Kyrkjekontoret telefon 24 04 00.

Enn om vi legg til sines 10 kr. i veka til dette? — Det skulle monna bra då.  
Velkommen i Gjevartenesta!

## Stor konsert Ytre Arna kyrkje

sundag 28. mars  
kl. 19.00

Tertnes skoles strykeorkester  
Dirigent: Alf Steiner Christiansen  
Solist: Pianist Signe Bakke  
Av programmet nemner vi:  
Klaverkonsert i D-moll av J.S. Bach.  
Kollekt.  
Støtte frå Rikskonsertane.

## Konfirmasjonsgudstenestene

Datoane for konfirmasjonsgudstenestene er for Trengereid 25/4 kl 11, Arna 2.og 9.mai, begge dagar kl.10 og 12.15. I Ytre Arna er det dette året uvanleg mange konfirmantar og på foreldremøte vart det avgjort at det skal vera to konfirmasjonsgudstenester. Det vert 2.mai kl. 10.30 og 12.30. Då vonar vi det vert plass i kyrkja til dei som vil vera med.

## Påskefestveka 1982

Skirtorsdag kl. 19.30 vert det orgelkonsert i Arna kyrkje. Programmet inneholder pasjonsmusikk av franske komponistar frå barokktida og fram til vårt århundre. Kvelden vert avslutta med nokre improvisasjonar. Ved orgelet sit Paul Leithaug, og res.kap. Sundsbø deltek med anslag.

Alle er hjarteleg velkomne!

## Pensjonistkurs

Det Norske Misjonsselskap arrangerer kurs for pensjonister på Misjonssenteret Kvamsseter. Erfaringene fra tidligere år tilslirer at det er stor interesse for slike tiltak. I år blir det fire uker med leir/kurs for eldre: 18.-23. mai, 8.-13. juni, 17.-22. august og 31. aug.-5. september.


Emnene for kursukene blir henholdsvis: «Fram mot målet», «Følg etter deres tro», «Vår ypperstепrest», «I din hånd er mine tider». I tillegg til bibeltimene taes mange aktuelle og interessante misjonstema opp. Foruten talere og ledere blir også gode sangkrefter med på hvert kurs.

Kvamsseter eies av Det Norske Misjonsselskap og ligger på Kvamskogen i naturskjønne omgivelser.

Alle pensjonister er velkommen til fredelige og utbytterike dager ved Misjonssenteret. Påmelding skjer til Kvamsseter direkte, på telefon 055 - 58 962.

Under en gudstjeneste var følgende salmenummer satt opp før prekenen: 14, 29, 72, 115. Lille Ole har sittet helt stille under hele prekenen, og stirret iherdig på tallene. Så snur han seg til mamma, og hvisker: «Mamma, i dag er det første gang presten har lagt sammen riktig».

$$14 + 29 + 72 = 115$$



*Ein prat med soknerådsformannen i Arna om*

## ARNA OG SUDAN



*Marit Gilje*

Arna sokneråd har vald ei kvinne til å leia rådet sitt arbeid denne perioden. Ho heiter Marit Gilje, er 37 år og frå Stavanger. Ho har budd i Arna i 10 år, har vore lærar på Lone skule og er no undervisningsinspektør på Ådnamarka skule. Marit var sekretær i rådet førre periode. Kyrkjelydsbladet ville gjerne vite kva slags tankar Marit har gjort seg om denne oppgåva ho har tatt på seg.

— Eg er nok litt redd for denne oppgåva, men eg ser på det å vera formann i rådet som ei stor utfordring. Det er dessutan viktig å poengtera at vi har eit felles ansvar i Soknerådet, vi står saman i arbeidet. Sjølv bad eg ein del over oppgåva mi her, og eg blei roleg for at eg kunne prøva å ta på meg leiarsvaret.

— Kva slags oppgåver meiner du er spesielt viktige?

— Vi må bli flinkare til å planleggje på lengre sikt og prioritera etterkvart det vi vil gjera. I kyrkjelyden har vi nett hatt ein evangelisk aksjon. Ei slik veke bør bli ein årleg tradisjon. Eg er oppatt av personleg evangelisering, og skulle ønskje at vi kunne få til

eit aktivt kyrkjelydssamfunn, f.eks. ein gong i månaden. Eg ser på kontakten med dåpsforeldra som sers viktig, ein kontakt vi skulle følgje opp. Fellesskapen i kyrkjelyden, ved gudstenestene og ved kyrkjekaffen er noko eg gjerne ville prioritera. Ein aktiv kyrkjelyd har omsorg for kvarandre.

På spørsmål om kva slags arbeidsformer soknerådet bør ha, seier Marit:

— Alle i rådet må kjenne ansvar for arbeidet i kyrkjelyden. Vi må fordele arbeidsoppgåvene slik at ikkje nokre blir svært belasta. Vi har eit arbeidsutval på tre som førebur soknerådsmøta. Det er viktig med fleire komitéar som kan arbeide med sakene. Medlemmene i soknerådet kan få med seg andre i kyrkjelyden på ymse arrangement og på den måten engasjera fleire.

Eg er også opptatt av at folk gir oss «feed-back» på det vi gjer. Vi tar i mot både ros og ris. Kanskje vi kunne bruke Kyrkjelydsbladet meir og fortelje om saker vi har hatt opp i rådet.

Marit fortel at ho første halvåret i 1981 var engasjert av Kirkens Nødhjelp som lærar ved Den Norske Skulen i Sør-Sudan der Kirkens Nødhjelp driv eit langtidsprosjekt. Dette prosjektet inneheld jordbruk, helse, reint vatn, vegbygging, kooperativ, mekanisk verkstad, undervisning. NORAD støtter prosjektet som dekkjer eit område like stort som Finnmark fylke.

135 nordmenn er med i pro-

Framhald side 5

*frå side 4*

sjektet som også gir arbeid til 1.000 sudanesarar. Sudan blir rekna for å vera Afrikas kornkammer, men ein 17 år lang borgarkrig har sett landet svært langt tilbake. Matmangel og underernæringsproblem er eit stort problem. Omlag 40 % av småbarna dør.

Problema vi har i vårt land blir for luksusproblem å rekna i samanlikning med dei problema eg såg der nede, fortel Marit. Eg fekk sjå korleis tilhøva var i dei mange flyktningeleiranane og sår kor stor trøng det var for hjelp.

Vi er no i fastetida. Eg vil difor så varmt eg kan anbefale folk å brukar fastebøssene til Kirkens

## FASTEAKSJONEN 1982

Fastebøssene er no delt ut til alle heimane i prestegjeldet, og vi oppmodar til å bruka desse og på denne måten støtta det arbeidet som Kirkens Nødhjelp gjer for menneske i naud.

Og me veit at hjelpa kjem fram — til fortausskular i Calcutta, vannboring i Sudan, flyktningehjelp i Pakistan og kamp mot opiumsdyrkning i Thailand, for å nemna litt.

Bøssene kan leverast inn ved påsketider — helst før ca. 20.4.


Nødhjelp som i desse dagar blir levert ut. Vi bør tenkja gjennom korleis vi brukar midlane våre og gi hjelp til folk som får betre levevilkår gjennom hjelpeorganisasjonen. Eg veit at det vi gir gjennom Kirkens Nødhjelp kjem vel med og blir brukt rett. Men eg vil også leggja til at hos sudanesarane møtte eg ein varme og ei omsorg som vi kunne lære mykje av. Dei hadde stor omsorg for kvarandre, dei brydde seg om kvarandre og hadde tid til kvarandre sjøl om dei materielle godene var små.

Vi ønskjer Marit lukke til med oppgåva med arbeidet i soknerådet.

— Døsse stadene:

- Ved alle gudstenester i kyrkjene
- Kyrkjekontoret, Borgstova
- Prestekontoret, Ytre Arna
- Arna Sparebank, Indre og Ytre Arna
- Vestlandsbanken, Indre og Ytre Arna
- Smått og Stort A:S, Arnatveit
- Flatabø sko A/S, Espeland
- Thunestvedt kolonial, Haukeland

Om du ikkje skulle ha fått bøsse eller den er komen bort, kan du gje gåva i ein konvolutt der du skriv «Kirkens Nødhjelp» utanpå. Takk for di gáve!



# BARNESIDE

I samband med bispevisitasen hadde klasse 3b ved Adnamarka skule eit emne om kyrkja i kristendomskunnskap. Nokre elevar val-

*Jesus hører kirken til,  
og vi kan gå til kirken  
når vi vil.*

Irene

## SØNDAGSDIKT

*Stille, hvile, gøy,  
prest, kirke,  
høytidelig,  
dåp og bryllup.*

Jan Thore


## SØNDAG

*Søndag er en hviledag.  
Det er stille på søndag.  
Mange mennesker går  
til kirken.*

Gisle

## SØNDAGSØNSKER

*Det er fint å ha en hviledag  
som jeg kan slappe av på.*



Denne teikninga er laga av elevar i 3. klasse på Indre Arna skule.

de å skriva dikt. Desse har vi fått til bladet.

Her kan du lesa noko av det dei tenkjer om kyrkja og søndagen:

*Kirken er et hus der vi  
kan gå å dele sorger og  
gleder med andre.*

Trude

## SØNDAG

*Søndag er en hellig dag,  
en sånn dag da folk hviler.  
Noen går i kirken.  
Noen går på tur.  
Og noen er hjemme og hviler  
ser der.*

Karianne

## ET ØNSKE!

*Om søndagen skulle jeg ønske  
at alle kunne sove  
til midt på dagen.  
Og om kvelden kunne  
alle være sammen i kirken  
i stedet  
for om morgen.*

Laila

# BORN OG NATTVERD

Sokneråda i Arna og Ytre Arna har vedteke å ta til å praktisere ordninga med nattverd for born også i våre kyrkjelydar. Ordninga vert gjort gjeldande frå 1. april. Vi har tidlegare omtalt denne ordninga i bladet og vil denne gongen gje nokre praktiske opplysningar for dei som ynskjer å gjere seg nytte av den nye ordninga.

Det vanlege er at born går til nattverd saman med foreldre eller andre føresette.

Utgangspunktet må vere barnet sitt eige ynskje om å ta del i nattverden.

6-7 årsalderen er sett som ei naturlig nedre aldersgrense for å vere med på nattverd. Det avgjerande er at borna viser erkjenning av at nattverden gir samfunn med Jesus.

Presten bør ha direkte kontakt med foreldra og helst også med barnet sjølv før første altorgang.


Foreldre som ynskjer at borna skal vere med på nattverd, bør difor ta direkte kontakt med presten om dette.

Det er utarbeidd ein del hjelpestoff i samband med barnet sin første altorgang og vi nemner spesielt hefte for 6-7 åringer og for 10-12 åringer, begge med rettleiing for foreldre.

Hefta vil vere å få kjøpt på kyrkjekontora og ved ein del tilskipingar i kyrkjelydane.

Vi vonar at den nye ordninga vil verte til velsigning i kyrkjelydane og hjelpe born til å oppleve samfunn med Jesus også gjennom nattverden. Det vil og vere ein rikdom for born og foreldre å kunne ta del saman i fellesskapet ved nattverdbordet.

Til slutt vil vi be kyrkjelydane om å vere med å førebu den nye ordninga i bøn.



Tema: *Eg vil gje dykk framtid og von.*  
Bibeltimar ved Håkon E. Andersen, Liv Nordhaug

og Geir Gunderson.  
Program kan ein få på kyrkjekontoret i Indre Arna eller prestekontoret i Ytre Arna.

# Familieside

## DØYPTE:

### Arna sokn:

14/2: Odd Werner Hartveit, Johnny Andreassen.  
21/2: Hilde Birkeland, Morten Hauge.

14/3: Rolf Christian Berentsen, Frode Nesset, Katrine Reigstad, Stig Konrad Riple, Chris Obert Bjørnestad.

### Trengereid:

7/2: Thomas Midtun.  
21/2: Lene Heimdal.

### Ytre Arna sokn:

7/2: Tommy Løvaas.  
28/2: Silje Andersen.  
14/3: Ronny André Skare, Christian Gaupås Kristiansen.

## VIGDE:

### Arna sokn:

6/2: Sven Roar Lavik og Anne-Britt Nævdal.

## Ofringane i kyrkjelydane

### Arna:

7/2 Bibelselskapet	kr. 1697
14/2 Israelsmisjonen	1992
21/2 Misjonsselskapet	kr. 2184
28/2 Modum bad nervesan.	kr. 1196
7/3 Kyrkjelydsarbeidet	kr. 1077

### Trengereid:

7/2 Søndagsskuleforb.	kr. 853
21/2 IKO	kr. 464

### Ytre Arna:

14/2 Diakon-institusjonane	kr. 572
28/2 Misjonssambandet	kr. 1228
14/3 Kyrkjelydsarb.	kr. 744

20/2: Roy Wingaard og Solveig Duesund. Vigde i Laksevåg Kirke.  
20/2: Geir Inge Haugland og Anne Berit Larsen. Vigde i Birkeland.  
27/2: Helge Bordvik og Ingunn Mjelde. Vigde i Haus kyrkje.  
13/3: Roger Mjelde og Eva Hagebø Hauge.

### Ytre Arna sokn:

6/3: Ola Gaupås og Sølvi Vatle.

## DØDE:


### Arna sokn:

27/1: Oddny Ragnfrid Oalann f. 1917.
28/1: Hanna Sønnervik f. 1892.
14/2: Petra Hele Boge f. 1894.
17/2: Johannes Bertin Karlsen f. 1901.
18/2: Laura Oliva Skjøndal f. 1889.
26/2: Sverre Kvassnes f. 1902.
8/3: Reidar Solberg f. 1922.

### Ytre Arna sokn:

10/2: Gregorius Henriksen f. 1914.
19/2: Ole Glosvik f. 1916.
3/3: Odlaug Andersen f. 1912.

## ETTER- LYSING!



Redaksjonen kjenner ein mann som har mist frakken sin. Det skjedde under/etter misjonsfesten i Arna bedehus i januar. Det hang rett nok ein frakk der då enen vår skulle gå, men den var altfor liten. (Han heng der enno!) Og vi spør: Har nokon fått stor frakk? Det er råd med det, — de kan byta igjen!  
Ring 24 04 00 (Kyrkjekontoret).

## Presten har ordet

Øyvind Øy.



## Betre kontakt

### Arna - Ytre Arna

Vegen mellom Indre Arna og Ytre Arna er ikke lang, men han kan likevel vere lang nok når det gjeld å knyte kontakt mellom dei to stadtane. Mykje av dette har sine forklarlege årsaker i forhold som har prega livet i bygdene her. Utviklinga i Arna no synest ikkje å knyte bygdene nærmare saman.

Når eg tar opp dette spørsmålet her, er det for å gje uttrykk for at vi som kyrkjelydar har bruk for å ha kontakt med kvarandre. Det betyr at vi i kyrkjelydssamanheng må rydde vekk skilje som har vore og arbeide for å finne naturlege samarbeidsformer.

Kyrkjelydane har to prestar som bor på kvar sin stad, men vi legg vinn på at vi arbeider i begge kyrkjelydane i den grad det er naturleg. Sokneråda har vore på tur saman og har arbeidd med spørsmål som gjeld tenesta vår i kyrkjelydane, og det har vist seg å vere svært nyttige samvær for oss alle. Vi har også kyrkjelydsblad, kyrkjelydsskule, diaconiutval og kyrkjelydstur saman.

I tida framover bør vi finne fram til naturlege samarbeidsformer og finne ut kva omfang vi vil at eit samarbeid skal ha. Det bør ikkje berre vere utvalg og styre som møtest. Vi kan og har kyrkje-

lydskveldar, song- og musikktilskipingar og liknande saman. På den måten vil vi kunne vere til hjelp og inspirasjon for kvarandre i våre to kyrkjelydar.

## Møter

### Indre Arna bedehus:

20.-25.4: Møter ved Olav Ro og Evy Evanger (song) frå Den Indre Sjømannsmisjon. Møta tek til kl. 19.30, sundag kl. 19.00.

### Betania, Lone:

Skjærtorsdag, Langfredag, 1. og 2. påskedag: Møter ved Magne Martinussen. Møta tek til kl. 19.30.

17/4: Jubileumsfest — Betania Yngres 40 år. Ole Abel Sveen talar.

18/4: Eldrefest kl. 16.00. Gottfred Eriksen talar.

### Ytre Arna bedehus:

3/4: Årsmøte for Indremisjonen kl. 18.00.

Langfredag: Kl. 19.00 møte.

## BOSSEINNSAMLINGA TIL UTVIDING AV TAKVAM KAPELL

12.000 kr. kom inn til kapellet dei dagane innsamlinga varde. Ein nådde ca. 180 heimar, som gjevargleda var stor. Hjarteleg takk både til dykk som gjekk med bøsser og til dykk som gav.

Nemnda for Takvam kapell



## Nytt frå sokneråda

Dei nye sokneråda, representantar frå nemnder og utval under sokneråda og dei tilsette i kyrkjelydane var på tur til Raknestunet på Osterøy 26.-27.2.

Tida vart nytta godt til bibeltime, gruppessamtalar, foredrag og drøftingar. På ei slik samling kan ein meir enn på eit vanleg møte drøfta arbeidet ein står oppe i og tenkja litt framover. Denne gongen var det særleg fellesskapet i kyrkjelydane og sokneråda sitt åndelege ansvar som var tema. Ved slutten av samlinga prøvde vi også å prioritera oppgåvane framover. Mange meinte ein burde gjera meir for dåpsborna og heimane deira, dessutan å arbeida med gudstenestene og gudstenefellesskapet. Vidare var det mange som ville arbeida med å starta fleire bilbel/samtalegrupper og personleg evangelisering.

Soknerådet i Ytre Arna ville i tillegg også gjera noko for å betra økonomien. Det går kvart år mykje til renter og avdrag til Kyrkjelydshuset, og innkjøpet av piano var og eit økonomisk løft.

Bruk av nye salmar. Som kjent er no framlegget til ny salmebok kome ut, og vi er inne i ein prøvingsperiode for dette framlegget før den endelege salmeboka er ferdig om nokre år. Sokneråda vil gjerne at ein skal prøva nokre av dei nye salmane ved gudstenester, og difor vil ein i tida framover stundom ved gudstenestene få eit ark i handa der dei nye salmane er trykt.

Born og nattverd. Som kjent kan no born frå 6 år ta del i nattverden

i kyrkja. Det gjeld særskilde reglar for dette. Sokneråda i Arna og Ytre Arna har gjort vedtak om at ein skal la det gjelda frå 1.4. Vi viser til nærmere orientering ein annan stad i dette bladet.

Lån. Soknerådet i Ytre Arna har gjort vedtak om å ta opp lån på kr. 16.500 i Arna Sparebank for å kunna betala pianoet som er kjøpt inn. Ein vonar det kjem inn fleire gaver til dette etter kvart.

Kyrkjekaffi i Ytre Arna. Diakoniuvalet hadde søkt soknerådet om å ha kyrkjekaffe etter gudstenestene stundom. Det gjekk soknerådet inn for.



## KIRKEN SOS

### SENTER FOR SAMTALE

Åpent kl. 1900 til kl. 0700 alle dager  
TELEFON 23 30 80

**I MIN FORRETNING**  
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

Kleiveland

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

**Solstrands  
Blomsterforretning**  
Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

**Solstrand  
Begravelsesbyrå**  
Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50  
*Alltid til tjeneste*

**VESTLANDSBANKEN**  
Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

**VESTLANDSBANKEN,**  
avd. Arna

## ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09  
Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi

## ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08  
Begravelser og bisetteiser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyper. Monumenter besørges oppsatt.



Aut. bilverksted  
Aut. dekk-forhandler

## GODE TILBUD PÅ DEKK OG REKVISITA!

**GOD SERVICE —  
RIMELIGE PRISER —  
HYGGELIG MILJØ!**

*Velkommen til vår  
bensinstasjon!*

**Arnatveit Auto Senter  
J.B. Myklestad**  
5260 Indre Arna  
Tlf. 24 07 40



Skal det vera TV — Elektrisk —  
Belysning. Hugs at vi har laveste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.

### ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88  
Arnatveit — telefon 24 19 70  
Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger  
EL-KJØP

# Velkommen til kyrkje



## Palmesøndag 4. april:

Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Offer til Blå Kors.

## Skjærtorsdag 8. april:

Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Skriftemål kl. 10.30.

Arna kl. 19.30: Orgelkonsert v/Paul Leithaug. Andakt ved res.kap. Sundsbø. Kollekt.

Trengereid kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø.

Takvam kl. 16.30: Res.kap. Sundsbø. Nattverd.

Ytre Arna kl. 19.00: Sokneprest Øy. Nattverd.

## Langfredag 9. april:

Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø.

Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy.

Sjukeheimen kl. 16.00: Res.kap. Sundsbø.

## 1. påskedag 11. april:

Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Offer til Den Norske sjømannsmisjon.

Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Offer til Den norske Sjømannsmisjon.

Trengereid kl. 18.00: Sokneprest Øy.

## 2. Påskedag 12. april:

Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy og Trygve Helge Kleppestø.

## 18. april:

Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Søndagseskule i Borgstova under gudstenesta. Kyrkjekaffi.

Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til Santalmisjonen.

## 25. april:

Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Arna Kyrkjekor. Sundagseskule i Borgstova under gudstenesta.

Arna kl. 19.00: Sokneprest Øy og kateket Sandvik. Samtale med konfirmantane.

Ytre Arna kl. 19.00: Res.kap. Sundsbø. Samtalegudsteneste.

Trengereid kl. 11.00: Sokneprest Øy. Konfirmasjon. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna

Redaksjonsnemnd: Målfrid Sandvik, Helge Eide, Margit Boge, Syivi Sæle,  
Ragnhild Rismyr, Bjørg Hellesøy, Harald Sundsbø.

Bladpengar: kr. 25,-.

Postgiro nr. 3104445 eller Bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrums, Ytre Arna.